



Jobbnorge-ID: 252649
Søknadsfrist: 15.03.2024
Nettside: <https://www.digdir.no/>
Omfang: Heltid
Varighet: Fast

Vil du utvikle framtidens Norge?

Om stillinga

Digitaliseringsdirektoratet (Digdir) utviklar digitale fellesløsningar som gjer Norge enklare! Me søker ein erfaren systemutviklar til arbeidet med utvikling av nasjonale fellesløsningar.

Du vil bli del av teamet som utviklar eFormidling og ELMA:

- eFormidling gjer det mogleg å kommunisere på ein enkel måte, utan å måtte ta omsyn til om mottakaren er privat verksemd, offentlig verksemd eller innbyggjar.
- ELMA er eit norsk adresse- og kapabilitetsregister, og er ein av nøklane til det offentlege sin omfattande bruk av elektronisk faktura.

Hjå oss blir du del av eit av Norges fremste kompetansemiljø innan systemutvikling. Me har stort fokus på sikkerheit og tilgjengelegheit, og arbeider med spennande teknologiar. I vår avdeling blir du ein del av eit større fagmiljø på om lag 30 utviklarar. Du vil møte varierte arbeidsoppgåver og gode moglegheiter for personleg utvikling. Teamet arbeider smidig og har stor grad av autonomi. Du kjem til å arbeide med fagmiljø både i og utanfor Digdir.

Stillinga er fast med kontorstad i Sogndal kommune. Kontorstad på ein av våre andre lokasjonar i Brønnøysund eller Oslo kan vurderast i særskilde tilfelle.

I tillegg til interessante faglege utfordringar tilbyr me fleksibel arbeidstid og fantastiske moglegheiter for kortreiste friluftseventyr i kvardagen. Sogn er kjent for sin gode laussnø og fantastiske sykkelstiar, og tilbyr eit inkluderande og kompetent friluftsmiljø. Regionen har trygge og gode oppvekstmiljø for born, eit ungdommeleg studentmiljø, samt mange spennande fritidstilbod som gjer den til ein attraktiv stad å bu i for folk i alle aldrar.

Dine oppgåver

- Systemutvikling i eit smidig, DevOps-orientert produktteam med ansvar frå krav til produksjon
- Delta i design, utvikling og forvaltning av våre fellesløsningar
- Bidra til at sikkerheit og ytelse blir ivareteke
- Vere pådrivar for kvalitet i kodeleveranse og rettleie andre utviklarar
- Jobbe med avansert arkitektur for eksisterande og nye løsningar ved bruk av sky-teknologi
- Fullstack-utvikling - med hovedfokus på backend - jobbe med alt fra REST API-er til integrasjon og database

Kvalifikasjonar

Du må ha

- bachelor- eller masterutdanning innan programmering og systemutvikling. Lang og særleg relevant erfaring kan kompensere for noko av utdanningskravet
- minst tre års relevant erfaring innanfor systemutvikling
- god munnleg og skriftleg framstillingsevne på norsk og engelsk

Avhengig av erfaring og utdanning ønskjer vi at søkerane har god kunnskap og erfaring frå eitt eller fleire av følgjande område:

- Systemutvikling i Java, gjerne med god kjennskap til Spring-rammeverket
- Løysingsarkitektur som støttar kontinuerlege leveransar
- Teamarbeid med utvikling basert på smidige metodar
- Kvalitet i kodeleveranse inkludert modellering, "clean code" og testing
- Erfaring med applikasjonssikkerheit og utvikling
- Erfaring med drift og utvikling av sky- og container-baserte applikasjonar, spesielt Kubernetes

Personlege eigenskapar

Vi søker deg som

- jobbar godt sjølvstendig og i team
- er løysingsorientert og tek initiativ når du ser nye moglegheiter
- er engasjert, strukturert og analytisk

- har stor arbeidskapasitet og god gjennomføringsevne
- ønskjer å ta ansvar i teamet og er open for å lære ny teknologi og metodikk

Vi tilbyr deg

- spennande arbeidsoppgåver med stor friheit i val av verktøy
- eit godt arbeidsmiljø med ein uformell tone og stor vilje til å skape noko saman
- løn som rådgjevar eller seniorrådgjevar etter avtale
- medlemskap i [Statens pensjonskasse](#) som er ei av landets beste pensjonsordningar med gunstig bustadlån og gode forsikringsordningar
- familievenleg personalpolitikk med gode arbeidstidsordningar
- opning for to timar trening i veka i arbeidstida

Les meir om å jobbe i staten på [Arbeidsgiverportalen](#).

Inkluderande arbeidsliv og mangfald

Vi har tru på at mangfald er ein viktig byggestein i eit godt, spennande og utviklande arbeidsmiljø, og vi oppfordrar alle kvalifiserte kandidatar til å søke. Rett kompetanse på rett stad er vår viktigaste prioritering når vi rekrutterer, og vi vil legge til rette for at personar med nedsett funksjonsevne også kan jobbe hos oss.

Vil du vite meir?

Synes du dette høyrst interessant ut og ønskjer nærare informasjon, kontakt gjerne

- Produkteigar Steinar Henriksen på telefon 95819821
- Teamleiar Johannes Molland på telefon 91739230
- Seksjonsleiar Jørn Steneheim på telefon 911 46 279

Vitnemål og attestar må følge søknaden. Vi ber om at du hentar vitnemål frå Vitnemålsportalen direkte i Jobbnorge når du søker stillinga. Har du teke heile eller delar av utdanninga di i utlandet, ber vi om ei autorisert oversetting av papir og vitnemål, og godkjenning frå [NOKUT](#).

Søkarlister kan bli offentleggjort iht. offentleglova § 25. Dersom du ønsker å reservere deg frå oppføring på offentlig søkerliste, må dette begrunnast. Opplysningar kan bli offentleggjort sjølv om du har bedt om ikkje å bli oppført på søkerlista. Du vil i så fall bli varsla.

Om Digdir

Digdir er underlagt Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet. Direktoratet har om lag 370 tilsette fordelt på våre kontor i Brønnøysund, Leikanger og Oslo. Vi har fire fagavdelingar, tre stabs- og støtteavdelingar og eit tilsyn for universell utforming av ikt, som har ei særskilt uavhengig rolle. Våre verdiar er påliteleg, inkluderande og uredd.

Digdir er regjeringas fremste verktøy for ei raskare og meir samordna digitalisering av offentlig sektor. Direktoratet skal bidra til enklare og meir tilgjengelege offentlege tenester for innbyggjarane og auka verdiskaping for næringslivet. Visjonen vår er saman for ein enklare digital kvardag.

Tilleggsinformasjon

Kontaktpersoner:

- Johannes Molland, Teamleiar
Telefon: 917 39 230 | E-post:
- Jørn Steneheim, Seksjonssjef
Telefon: 911 46 279 | E-post:

Arbeidssted:

- Skrivarvegen 2 6863 Leikanger (Sogndal Kommune)
- Havnegata 48 8900 Brønnøysund (Brønnøy Kommune)
- Lørenfare 1C 0580 Oslo (Oslo Kommune)